

**Fra:** Olav Bergsvik <bergsvika@protonmail.com>  
**Sendt:** torsdag 19. mai 2022 23:12  
**Til:** Postmottak Alver  
**Emne:** Søknad om bygging av landbruksveg - Gbnr 182/3  
**Vedlegg:** LDIR-902\_B\_Søknad om bygging av landbruksvei - utfylt.pdf; Oversiktskart 1-50 000.pdf; Sitasjonskart 1-5000.pdf; Kart over aktsomhetsområder 1-5000.pdf; Løyve på vilkår - søknad om endret bruk av avkjørsel - fv. 5450 - gnr 182 bnr 3 - Alver kommune.pdf; Nabovarsel med kvittering.pdf; Oversikt over interessentene i vegen.pdf; Skredfarevurdering.pdf; Teikning av avkjørsel frå gbnr182-3 til fv5450.pdf; Vassforureinings-vurdering.pdf; Flyfoto.pdf; Søknad om bygging av landbruksveg.pdf; Bilete av kjerreveg Mai 2022.pdf

Underteikna søkjar med dette om bygging av landbruksveg. Etter førehandskonferanse med Anne Lise Molvik den 30.11.2021, vart me anbefalt å søkje om tiltaket som landbruksveg.

Tiltaket me søkjar om er utbetring/ombygging av eksisterande kjerreveg til landbruksklasse 3. Utbetring av kjerrevegen/gardsvegen opp til «Bakken gard», Vassbygdvegen 279, GBNR 182/3 er nødvendig for å kunne ta seg opp til garden med køyretøy av dagens standard. Slik gardsvegen er i dag, er det ikkje mogeleg å komme seg opp til bruket med anna enn traktor. Til dømes kjem ikkje utrykkingskøyretøy seg opp. Vegen me ønskja å utbetra er einaste vegtrase opp til bruket.

Kjerrevegen har vore etablert og tinglyst sia før 1850 talet. Vegen går innom grunn til to andre bruk. Me har tinglyst vegrett og har komen til einigheit med naboar om utbetring.

#### **Merknad**

I søknadskjema LDIR-902\_B\_Søknad om bygging av landbruksvei er punkt 2. ikkje utfylt, då ein i førehandskonferanse med teknisk etat fekk foreslått å søkje om tiltaket som landbruksvegklasse 3. Ref. møtereferat frå møte 30.11.2021 med Anne Lise Molvik.

vh  
**Olav Bergsvik**  
+47 41267472

Sent with [ProtonMail](#) secure email.